

Vågå Historielag: Årsmelding 2016

Arrangement

Historielaget har hatt fleire foredrag / kveldsseto i Jutulheimen. Ivar Teigum heldt foredrag om vatningshistoria i Nord-Gudbrandsdalen, medan Gunnar Sandbo har prata både om tidleg turistfart på Svalbard og om posthistoria i Vågå. Kjell Voldheim og Terje Kleiven tok for seg Sagflaten, Bårstad og koparverket på Sel. Historielaget arrangerte lansering av Årbok for Gudbrandsdalen der Hans Sandviken prata om Tor Jonsson. Ola Grøsland viste bilder og fortalte om Island, medan Ole Kristian Ødegård prata om skiproduksjon og Jo Gjende. Også dette året var det seterkveld med film og gamle lydintervju om setring i gammal tid. Fleire av arrangementa har vore i samarbeid med andre lag.

Historielaget har hatt fleire arrangement utanom Jutulheimen også. Dette var fottur til Nistingen, tur til Gjende med stopp ved eigedommene til historielaget og til Selsverket for å sjå på gammalt vatningsutstyr. Historielaget var med på døladag på Maihaugen og var medarrangør av Magnus Berg-seminar på Sel.

Jutulheimen

Det er Gudbrandsdalsmusea as som står for drifta av Jutulheimen. Vågå Historielag er aksjeeigar i Gudbrandsdalsmusea as og er aktivt med i planleggjing og drøfting av drift og utstillingar. Gudbrandsdalsmusea har siste året gjordt eit omfattande arbeid med gjenstandsregistrering. Historielaget står for vedlikehald. Med støtte frå Stiftelsen UNI er det utført opprusting av elektrisk installasjon og utskifting av el.omnar i Sundstugu. Delingsvegg på scena er kledd med gammal panel. Nytt gjerde mot vegen er i stand, og det er sett opp trådgjerde rundt tunet slik at sau kan hamne området som ikkje er brukt.

Prestgarden

Paktarbustaden har vore bortleigd som bustad medan delar av hovudbygningen er utleigd til husflidslaget. Husflidslaget har stor aktivitet der, og har også hatt opne arrangement.

Det er utført isolering av loftet i hovudbygningen samt restaurering av inngangspartiet med trapper og dører. Fylkeskommunen har gjeve støtte til dette. Vognskjulet er rydda og det er lagt nytt golv for å ha lager bl.a. til hagemøblane. Området rundt eldhuset er tilsådd. Mykje av arbeidet er utført på dugnad.

Prestgardshågein

Hagegruppa i historielaget har utvikla urtehagen vidare, tilskot frå Sparebankstiftelsen har finansiert dette. Det er organisert ei gruppe som har ansvar for stell, luking, vatning mm., det er fordelt ansvar for kvar veke. Også plenklipping samt raking og rydding både i hagen og på tunet er utført på dugnad. Det har vore omvisning av mange grupper denne sommaren, hagegruppa har brukt Studeren i samband med dette.

Laget ellers

Frå årsmøtet 9. mars 2016 har styre vore dette: styreleiar Knut Raastad, nestleiar Dag Aasheim, styremedlemmar Bjula Ulsletten, Even Luseter og Randi Damstuen, varamedlemmar Jonny Brenden, Håkon Ulsand, Reidun Sønstelien og Harald Sve Bjørndal. Det har i året vore seks styremøter, og varamedlemmane møter på lik line med styremedlemmane. Laget har 410 medlemmar.

God oppslutning om frivillige medlemspengar gjer utgjeving av årsskriftet Jutulen mogleg med utsending til alle medlemmane, i tillegg er heftet utlagt for salg. Historielaget kostar pynting av gravene til Ivar Kleiven, Trond Eklestuen og Jo Gjende. Innsamla gamle bilete blir utlagt på heimesida vaagaa-historielag.org. På heimesida er det oppretta ei mappe med gards- og slektshistorie.

Pulløybua er bortleigd som anneks til nabohytta. Nordheradsprosjektet disponerer Flåten og har rekonstruert fjøset der. Med finansiering frå kulturminnefondet er det gjordt arbeid med frågraving og oppjekking av kvilingsfjoset i Randsverk. Det er i året gjordt ein del mindre vedlikehald av buene ved Gjendeosen. Buene har ved fleire høve vore framvist for turistar. Buene vil kunne lånast ut til historielags-medlemmar.

Styret takkar samarbeidspartar og medlemmar i laget for god hjelp og støtte i året 2016.